



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10467 - 22/82685

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
31.10.2022

## **Førehandsvarsel om tilbaketrekking av ferdigattest - gbnr 355/65 Skjelanger**

Tiltak: Einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 355/65  
Tiltakshavar: Kåre Skjelanger  
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

### **Saka gjeld**

Kommunen har blitt merksame på at det ikkje er gjeve røyrleggjarmelding for einebustad på gbnr.355/65. Denne ligg til handsaming hos avdeling for Samferdsel-, veg-, vatn-, og avløp – forvaltning.

### **Førehandsvarsel om tilbaketrekking av ferdigattest**

Vi varslar med dette brevet at vi vurderer å trekke tilbake ferdigattesten som er gjeve i saka. Dette vil medføre at det ikkje vil vere lovleg å bu i einebustaden.

Førehandsvarsel er gjeve med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §21-10 – sluttkontroll og ferdigstilling, samt forvaltningslova §35 første ledd bokstav c) – omgjering av vedtak utan klage.

### **Kvifor varslar vi om dette?**

Avdeling for byggesak er gjort merksame på at det ikkje er gjeve røyrleggjarmelding for tilkopling til offentleg vatn. Bustad skal vere sikra vatn før bygning vert tatt i bruk jf. pbl.§27-1. Tiltak oppfyller ikkje krav for ferdigstilling utan at dette tilhøvet er sikra.

### **Kva må dykk gjere?**

Kommunen ber om at dykk sender oss kommentar til dette varselet, og supplerer med godkjend røyrleggjarmelding.

### **Frist for innsending av dokumentasjon**

Dokumenta må sendast til kommunen innan 2 veker frå datoen på dette brevet. Hugs å referere til saksnummer 21/10467. Dersom vi ikkje mottek tilbakemelding vil vi treffe vedtak på bakgrunn av dei opplysningar som ligg i saka.

**Regelverk for tilsyn**

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i plan- og bygningslova vert haldne i kommunen, jf. pbl.§25-1 første ledd. I samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) §1-3(1) kan kommunen krevje alle dei opplysningar som er naudsynt for tilsyn.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kåre Skjelanger  
Seim Bygg AS

Skjelangervegen 983  
Nesbrekka 28

5917 ROSSLAND  
5912 SEIM